

Palmesøndag – Johannes 12

Tankar om teksten

«Dagen etter fekk den store folkemengda som var komen til høgtida, høyra at Jesus var på veg inn i Jerusalem. Då tok dei palmegreiner og gjekk ut for å møta han, og dei ropa:

Hosianna!
Velsigna er han som kjem
i Herrens namn,
Israels konge!

Jesus fann seg eit ungt esel og sette seg på det, som det står skrive:

Ver ikkje redd, dotter Sion!
Sjå, kongen din kjem,
ridande på ein eselfole.

Dette skjøna ikkje læresveinane med det same. Men då Jesus var opphøgd i herlegdom, hugsa dei at dette var skrive om han, og at folket hadde helsa han på denne måten.

Alle som hadde vore med han då han ropa Lasarus ut av grava og vekte han opp frå dei døde, vitna om det dei hadde sett. Difor var det òg at folket drog ut for å møta han, for dei hadde fått høyra at han hadde gjort dette teiknet. Men farisearane sa seg imellom: «Der ser de, det nyttar ikkje. Heile verda spring etter han.» No var det nokre grekarar mellom dei som var komne til Jerusalem for å tilbe under høgtida. Dei kom til Filip, som var frå Betsaida i Galilea, og sa: «Herre, vi ville gjerne få sjå Jesus.» Filip kom og fortalde det til Andreas, og Andreas og Filip gjekk og sa det til Jesus. Jesus svara: «Timen er komen då Guds herlegdom skal lysa om Menneskesonen. Sanneleg, sanneleg, eg seier dykk: Fell ikkje kveitekornet i jorda og døyr, blir det verande berre eitt korn. Men døyr det, gjev det stor grøde.» *Joh 12:12-24*

Min konge

Sist søndag hefta me oss ved paradoksa i teksten. Denne søndagen samlast trådane i fortellinga fram til no i ei svært innhaldsmetta og intens scene. Læresveinane er der. «Folket» er der. Leiarskapen er der, og Jesus er der.

Ein brukar ofte å gjera eit nummer ut av at Jesus rid ein eselfole. For medan hesten var stridsdyret var eselet ridedyr i fred. Han kom til kongsbyen i fred. Og evangelisten set scena opp rundt eit sitat frå GT: «Sjå, kongen din kjem, ridande på ein eselfole.»

For medan me hyllar og tilbed Guds son på palmesøndag fordi me er på den andre sida av pinse, hylla folket i teksten ein politisk messias som skulle råda på denne verda sitt vis. Dei kom til å bli skuffa. Slik som leiarskapen alt var det.

Men medan folket vart skuffa fordi han ikkje tok politisk makt var mesteparten av leiarskapen forbitra over hans blasfemiske utsagn. Og det er desse to punkta han snart skal dømmast for. Først blasfemi og sidan opprør mot Rom.

Eg forstår den første delen av teksten slik at evangelisten viser oss korleis alle såg det dei ville sjå den dagen. Læresveinane og folket såg kongen, men ikkje eselet.

Leiarskapet såg eselet, men ikkje kongen.

Ingen kunne sjå heilskapen fordi ei brikke manglar. Døyparen Johannes. Han som tre år tidlegare peika på Jesus og sa: «Sjå, Guds lam, som ber bort synda i verda!»

Så i den hensikt å forkynna for lesaren av evangeliet skriv evangelisten inn eit GT-sitat for eiga rekning: «Sjå, kongen din kjem, ridande på ein eselfole.» Sjå korleis dei ikkje såg. Sjå det dei ikkje såg.

Heile verda spring etter han

Linken til Lasarus er viktig fordi det teiknet var dropen som fekk begeret til å renne over. Og dette er den andre delen av teksten.

Av alt Jesus gjorde var vel dette det mest oppsiktsvekkjande. I tillegg vart det gjort geografisk nær Jerusalem. «Alle» fekk det med seg i den forstand at dei fleste truleg høyrde rykte om det. Og, som me såg sist søndag, vart dette for mykje for leiarane i Jerusalem. Men her i vår tekst brukar evangelisten Johannes temaet, eller den litterære tråden, til å peike på at også i Guds plan går det mot målet i raskt tempo. At «heile verda spring etter han», fulgt opp av at nokre grekarar kom til læresveinane fordi dei ville møte Jesus, får Jesus til å konkludera at no er tida inne. «Timen er komen då Guds herlegdom skal lysa om Menneskesonen. Sanneleg, sanneleg, eg seier dykk: Fell ikkje kveitekornet i jorda og døyr, blir det verande berre eitt korn. Men døyr det, gjev det stor grøde.»

Tor Olav Varhaug